

allmenningen

Legg inn helsingane dine på folk.vestlandsnytt.no

VI GRATULERER



6 ÅR

Zedrik Baade Kopperstad

Gratulerer med dagen, godguten vår. Kjempeglad i deg og ynskjer deg ein super dag. God klem frå mormor & morfar, tanter & onkler, Damien, mor & far.

40 ÅR

Tonje Djupvik Flusund

Nerlandsøy, fredag 25. oktober

50 ÅR

Jørn Roar Sundnes

Fosnavåg, onsdag 23. oktober

80 ÅR

Björg Torgunn Voksøy

Larsnes, fredag 25. oktober

85 ÅR

Aslaug Aurvågclid

Tjørnvåg, onsdag 23. oktober

Oddvar Vedeld

Fosnavåg, torsdag 24. oktober

95 ÅR

Olaug Pareliussen

Runde, onsdag 23. oktober

Gratulasjonar

Gratulasjonar, nyfødde, brudebilde osv. til nett og papiravisa kan du legge inn på folk.vestlandsnytt.no.

Det kostar kr 100,- per helsing (nett + papir) og du bestiller og betaler på nett.

Dødsannonsar og takkeannonsar sender du til annonse@vestlandsnytt.no

Minneord sender du til redaksjon@vestlandsnytt.no

Jubileumsveka er her!

INNSENDT

Då er jubileumsveka i gong for Fosnavåg konserthus og kino som feirar 10-år denne hausten! Program for heile jubileumsveka er å finne på konserthuset sine nettsider. Og publikum har kanskje i det siste fått med seg historia om utgangspunktet i 2014, som vi har delt i sosiale medie. Her blir det noko for ulike aldrar og vonlegvis noko for einkvar smak, her får du oversikta dag for dag:

Tysdag: Seniorkonsert og gaming

Lunsjkonsert med Love Experience blir første arrangementet i konsertsalen denne veka. Inngangen er gratis, og det blir høve til å kjøpe seg kaffe og kanskje litt søtt attåt frå Thon Hotell Fosnavåg. Dørene opnar ein time før musikken startar. Vi trur mange synest det er triveleg å gå på konsert på dagtid i Fosnavåg, og vi trur mange kjenner til det lokale bandet. Her blir det Elvis- og The Beatles låtar, litt country, litt svensk-topp kanskje - og høg allsongfaktor! Besetninga i dag er slik: Paul Gustav Remøy på gitar, Tor Frantzen spelar keyboard, Ragnar Øvrebøe bass og Edar Voldsund bak trommesettet.

Men ungdommen får også sitt denne veka! Både i går kveld og i kveld er det gaming i kinosalen for ungdom, i samarbeid med Metizport. Der blir det påmeldte som spelar, og spela visast på storskjermen i kinosalen: Det betyr at andre ungdommar kan site i kinosalen og sjå, samt lytte til kommentarar. Det blir premiar og diverse aktivitetar, og kinokiosken blir open! Dette arrangementet for ungdom er også ein del av Fosnavåg konserthus og kino sitt 10-årsjubileum i haust. Det er gratis inngong så mange det er plass til i kinosalen.

Onsdag: Open konsertsal og kveldskonsert

Har du tid i lunsjen og er litt nysgjerrig på huset og kva vi jobbar med? Då er det berre å stikke innom, valfritt om du vil



Rocky Road er eit av tre lokale band som skal i elden i løpet av jubileumsveka.

ta med deg lunsjpakken din! Vi plar ha nokre små «matpakketreff» stundom, så vi vil by på kaffe og te slik vi brukar då. Konsertsalen blir også open, fram til vi må gjere den klar for ungdommen.

«Mat & prat» er nemleg det viktigaste denne dagen. I samarbeid med ungdomsrådet og kulturavdelinga i Herøy inviterer vi til «Mat & prat» i konsertsalen! I tillegg til gratis middag etter skuletid, skal det bli kulturinnslag, god prat, og litt konkurranse og premiar og sånn ;o) Først ut er ungdomsskule-elevar, desse er allereie påmeldt. Etter dei er det vidaregåande-elevar som bur i Herøy, inkludert både dei som bur her på hybel og dei som går på vidaregåande skular i nabo-kommunanen våre. Med småbord i konsertsalen trur vi dette blir ein fin plass å møtast, og det skal vere tid til å pratast rundt borda.

Rocky Road er det andre av TRE lokale band på scena denne jubileumsveka! Vi har lagt opp til ein hyggeleg kveldskonsert med småbord. Nokre har nytta seg av høvet til å bestille seg tapas-planke på førehand, der er fristen no ute. Men det vil vere mogleg å kjøpe med seg drikke frå Thon Hotel Fosnavåg sin lobby. Rocky Road består av fem karar fødte på 60-, 70- og 80-talet og musikken dei spelar kjem frå tidsalderen 1960- til 90-talet. Repertoaret består av

varierte musikk. Dei spelar kjende låtar frå Elvis, Smokie, Creedence, Johnny Cash, Bruce Springsteen, REM, Kim Larsen, Queen, Postgirobygget, Di Derre osv. Det er Stian Hildre på vokal, Toni Nykrem bass, Bjørnar Liaset Karlsen trommer, Stephan Skogen gitar og John Henrik Steinsvik gitar.

Torsdag er sjølve jubileumskvelden!

Det var altså torsdag 23. oktober i 2014 opningskonserten var, samt dagen etter. Så det næraste vi kom ti år etter er altså torsdag 24. oktober. Tenk at det er så lenge sidan det flotte huset og dei flotte roma inni stod ferdig! Dette vil vi sjølv sagt feire - saman med publikum! Så vi inviterer alle som er glade i konserthuset til opa jubileumsfeiring! Det blir attersyn, gjestar, kulturinnslag og kake. Og så blir det sofasamtale med overskrifta «Korleis kan kultur skape identitet og utvikling i lokalsamfunnet?» Det kan gjerne få vere overskrift for heile dagen, under mingling i foajé og ved kakebord. På slutten av kvelden avsluttar vi nemleg med eit digert bursdagskakebord slik ein plar gjere for 10-årsjubilantar!

Med på scena blir Bjørn Holm og Arnulf Goksøy, Per Sævik, Åge Remøy, Stig Remøy og Monica Bjørhovde som alle var med frå starten. Du får sjå og høyre Ålesund Strykekvar-

tett, Andrine Berge og Vegard Voldsund. Det same gjeld dei to unge dansarane Live Sævik og Vendel Gjelsest. Og så nyttar vi altså høvet til å løfte fram viktige spørsmål denne jubileums-hausten. Sentralt plassert i sentrum har konserthuset og kinoen saman med hotellet ei viktig rolle. Og no er vi akkurat gamle nok til å setje ting på dagsorden slik 10-åringar plar gjere. Det skal vi gjere med sofasamtale og innleiarar. Arild Kalkvik er direktør for Trondheim kino, leiar for KinoNor og styreleiar i Film & Kino. Vegard Dahl Hansen kjem saman med Lars Giskeødegård frå Momentium. Vegard er kjend for mange, og har jobba i mange år som sponsorsjef i Coop Norge. Innleiarane skal setje oss på sporet om ringverknader, skaparkraft og lokalsamfunn.

Kulturleiar Julianne Auberg Hauge har eit samarbeid med Sofie Helland frå Piwot: Sistnemnde blir moderator for sofasamtalen der desse blir med: ordførar Ann-Kathrin Storøy, reiselivsaktør Cecil Nerbø, Sivert Leine frå ungdomsrådet, Caroline Hjellegjerde frå Olympic og Arjan Sydhagen Dalsøren frå Metizport.

Etter programmet i konsertsalen er det bokstaveleg tala duka for bursdagskakebord i foajéen! Ståande buffet og mingling er oppskrifta, og etter ei lita stund vil vi vise nokre filmsnuttar frå byggeperioden i